



MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 21.02.11 **Kl.:** 09.00 – 13.30 **Stad:** Formannskapsalen
Saknr.: 01/11 – 09/11

MØTELEIAR

Georg Lønning (FrP)

DESSE MØTTE

Kåre Habbestad (SP)
Sonja Hellen Sele (H)
Marlen Hellen (Ap)
John-Kåre Torkelsen (KrF)

FORFALL

DESSUTAN MØTTE

Rådmann Sverre Olav Svarstad, sak 03/11
Kommunalsjef Geir Aga, sak 03/11
Odd Magne Agdestein. Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum, sak 09/11
Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/Roald Breistein

Sakliste:

Saknr.	Sak
01/11	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/11	Godkjenning av protokoll frå møte 29.11.2010
03/11	Rådmannen orienterer
04/11	Bestilling av forvaltningsrevisjon
05/11	Møteplan 2011 for kontrollutvalet
06/11	Orienteringssaker
07/11	Meldingar
08/11	Gjennomgang av møteprotokollar
09/11	Val av revisor
	Ymse

01/11 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

02/11 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 29.11.10

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 29.11.10.

VEDTAK

Protokollen frå møte 29.11.10 vart samrøystes godkjend.

03/11 RÅDMANNEN ORIENTERER

FORSLAG TIL VEDTAK

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

HANDSAMING I MØTET

Rådmann Sverre Olav Svarstad og kommunalsjef Geir Aga orienterte om rutinane rundt søknad om tippemidlar og svarte på spørsmål frå utvalet.

Rådmann Sverre Olav Svarstad orienterte om status når det gjeld kva tiltak som er sett i verk i høve tilsynsrapport innan samfunnstryggleik og beredskap i Bømlo kommune.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

VEDTAK

Informasjonen vart teken til orientering.

04/11 BESTILLING FORVALTNINGSREVISJON 2011

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføra forvaltningsrevisjon om
2. Deloitte vert innan beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
4. Godkjend prosjektplan skal leggjast fram som melding i kontrollutvalet i neste møte.

HANDSAMING I MØTET

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3 under handsaming av denne saka.

Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte AS skal gjennomføre forvaltningsrevisjon innan internkontroll.

Føremålet med forvaltningsrevisjon innan internkontroll i Bømlo kommune er å vurdere om kommunen har etablert eit tenleg internkontrollsystem i tråd med kommunelova § 23.2, lokale reglar og politiske vedtak.

I denne undersøkinga skal administrasjonen undersøkast i tillegg til at systemet vert testa ved minst 3 andre einingar i kommunen.

Problemstillingar

- Korleis sikrar administrasjonssjefen ei heilskapleg tilnærming til styring og kontroll i kommunen?
- Er internkontrollsystemet bygd opp på bakgrunn av ei risikovurdering?
- Korleis er etikk teke i vare i det etablerte internkontrollsystemet?
- Er det etablert eit tenleg internkontrollsystem?
- Vert internkontrollsystemet brukt?
- Er tilsette kjent med bruken av systemet?
- Får dei tilsette tilstrekkelig opplæring?
- Sikrar internkontrollsystemet at roller og ansvar er klart og tydelig definert?
- Korleis vert det sikra at systemet vert følgt ved skifte/nytilsetjing av personale?
- Er det rutinar for oppdatering av systemet (eks. sletting av utgåtte prosedyrar)?
- Er det sikra tenleg styring av dokumenttilgang?
- Er det etablert rutinar for leiaroppfølging av at internkontrollen fungerer slik det var tenkt?

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføra forvaltningsrevisjon innan internkontroll.
2. Deloitte vert innan 15.03.11 beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Prosjektplanen skal leggast fram for kontrollutvalet til godkjenning i møte 11.05.11.

05/11 MØTEPLAN 2011 FOR KONTROLLUTVALET

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2011:

Dato:	Merknad:
21.02.2011	Under avvikling
12.05.2011	
13.09.2011	
06.10.2011	
28.11.2011	Nytt kontrollutval

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet ønskjer å endre møtedato 12.5.2011 til 11.5.2011.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2011:

Dato:	Merknad:
21.02.2011	Under avvikling
11.05.2011	
13.09.2011	
06.10.2011	
28.11.2011	Nytt kontrollutval

06/11 ORIENTERINGSSAKER

I dette møtet vil det verta orientert om følgjande saker innmeld frå sekretariat, revisjon og utvalgsmedlemmer:

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Rekneskapsresultat 2010 for KU
2	Sekretariatet	Vedteke budsjett for KU for 2011
3	Sekretariatet	Byggesaksgebyr i kommunen
4	Sekretariatet	Oppfølging av 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunen
5	Ymse	

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar orienteringa til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Rekneskapsresultat 2010 for KU <ul style="list-style-type: none">• Sekretariatet presenterte rekneskapsresultatet for KU for 2010.
2	Sekretariatet	Vedteke budsjett for KU for 2011 <ul style="list-style-type: none">• Budsjett 2011 for kontrollutvalet vart vedteke i kommunestyret slik som føreslått
3	Sekretariatet	Byggesaksgebyr i kommunen <ul style="list-style-type: none">• Sekretariatet orienterte om ein artikkel i BT 12.12.2010 om byggesaksgebyr i kommunar i Hordaland.• Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering
4	Sekretariatet	Oppfølging av 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunen <ul style="list-style-type: none">• Sekretariatet gjorde også merksam på at KRD no har gjort ferdig "Kontrollutvalgshåndboken" og den kan lastast ned på denne linken. http://www.ffkt.no/?div_id=1&pag_id=1&art_id=5821• Kontrollutvalet ber sekretariatet førebu ei sak om oppfølging av dei 85 tilrådingane til neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

VEDTAK

[Orienteringssak nr. 4: Oppfølging av 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunen](#)

Kontrollutvalet ber sekretariatet førebu ei sak om oppfølging av dei 85 tilrådingane til neste møte.

Informasjonen vart elles teke til orientering.

07/11 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
01	Kommunestyret	Vedtak i sak 94/10 i KST 13.12.10 - Forvaltningsrevisjon innan psykisk helsearbeid i Bømlo kommune - Revisjonsrapport
02	Kommunestyret	Vedtak i sak 109/10 i KST 13.12.10 – Årsbudsjett 2011 – Velferdsplan 2011-2014

03	Rådmannen	Svar på oppfølging av forvaltningsrevisjon innan barnevernstenesta
04	Rådmannen	Svar på oppfølging av forvaltningsrevisjon innan regeletterleving i grunnskulen
05	Rådmannen	Svar på oppfølging av selskapskontroll 2009 – Eigarstyring
06	Rådmannen	Svar på oppfølging av selskapskontroll av Moster Amfi og Kyrkjehistoriske senter AS
07	Rådmannen	Svar på oppfølging av prosjektrekneskap
08	Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)	Medlemsbrev nr. 1 / 2011
09	Kommunestyret	Sak til kommunestyret 14.02.11 – Tilstandsrapport for grunnskulen i Bømlo kommune 2010 – - Sjølve rapporten ligg ved som eige vedlegg
10	Fylkesmannen	Tilsynsrapport om tiltak for å førebyggje og behandle underernæring i heimetenesta ved Moster omsorgsområde

FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
03	Rådmannen	Svar på oppfølging av forvaltningsrevisjon innan barnevernstenesta <ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalet seier seg ikkje nøgd totalt sett med dei tiltak som Bømlo kommune har sett i verk i høve forvaltningsrevisjon innan barnevernstenesta og ønskjer å følgje opp saka vidare. Dette vert gjort ved at rådmannen vert beden om å kome i kontrollutvalet i neste møte for å orientere om status i høve iverksetting av tiltak etter denne forvaltningsrevisjonen. • Kontrollutvalet ber også om at rådmannen kjem i møte i utvalet 11.5.11 for å gje ein ny status på området.
04	Rådmannen	Svar på oppfølging av forvaltningsrevisjon innan regeletterleving i grunnskulen <ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalet seier seg ikkje nøgd totalt sett med dei tiltak som Bømlo kommune har sett i verk i høve forvaltningsrevisjon innan regeletterleving i grunnskulen og ønskjer å følgje opp saka vidare. Dette vert gjort ved at rådmannen vert beden om å kome i kontrollutvalet i neste møte for å orientere om status i høve iverksetting av tiltak etter denne forvaltningsrevisjonen. • Kontrollutvalet ber også om at rådmannen kjem i møte i utvalet 11.5.11 for å gje ein ny status på området.
05	Rådmannen	Svar på oppfølging av selskapskontroll 2009 – Eigarstyring <ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalet seier seg nøgd med dei tiltak som Bømlo kommune har sett i verk i høve selskapskontroll 2009 - Eigarstyring og seier seg ferdig med saka.
06	Rådmannen	Svar på oppfølging av selskapskontroll av Moster Amfi og Kyrkjehistoriske senter AS <ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalet seier seg nøgd med dei tiltak som Bømlo kommune har sett i verk i høve selskapskontroll av Moster Amfi og Kyrkjehistoriske senter AS og seier seg ferdig med saka.

10	Fylkesmannen	Tilsynsrapport om tiltak for å førebyggje og behandle underernæring i heimetenesta ved Moster omsorgsområde <ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i møte i utvalet 11.5.2011 for å gjera greie for kva tiltak som er sett i verk for å lukke avviket i kapittel 5 i rapporten og kva tiltak som er sett i verk i høve kommentarane i kapittel 6 i rapporten
11	Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)	Medlemsbrev nr. 2 / 2011 <ul style="list-style-type: none"> • Medlemsbrevet vart delt ut i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Melding nr. 3: Svar på oppfølging av forvaltningsrevisjon innan barnevernstenesta

- Kontrollutvalet seier seg ikkje nøgd totalt sett med dei tiltak som Bømlo kommune har sett i verk i høve forvaltningsrevisjon innan barnevernstenesta og ønskjer å følgje opp saka vidare. Dette vert gjort ved at rådmannen vert beden om å kome i kontrollutvalet i neste møte for å orientere om status i høve iverksetting av tiltak etter denne forvaltningsrevisjonen.
- Kontrollutvalet ber også om at rådmannen kjem i møte i utvalet 11.5.11 for å gje ein ny status på området.

Melding nr. 4: Svar på oppfølging av forvaltningsrevisjon innan regeletterleving i grunnskulen

- Kontrollutvalet seier seg ikkje nøgd totalt sett med dei tiltak som Bømlo kommune har sett i verk i høve forvaltningsrevisjon innan regeletterleving i grunnskulen og ønskjer å følgje opp saka vidare. Dette vert gjort ved at rådmannen vert beden om å kome i kontrollutvalet i neste møte for å orientere om status i høve iverksetting av tiltak etter denne forvaltningsrevisjonen.
- Kontrollutvalet ber også om at rådmannen kjem i møte i utvalet 11.5.11 for å gje ein ny status på området.

Melding nr. 5: Svar på oppfølging av selskapskontroll 2009 – Eigarstyring

Kontrollutvalet seier seg nøgd med dei tiltak som Bømlo kommune har sett i verk i høve selskapskontroll 2009 - Eigarstyring og seier seg ferdig med saka.

Melding nr. 6: Svar på oppfølging av selskapskontroll av Moster Amfi og Kyrkjehistoriske senter AS

Kontrollutvalet seier seg nøgd med dei tiltak som Bømlo kommune har sett i verk i høve selskapskontroll av Moster Amfi og Kyrkjehistoriske senter AS og seier seg ferdig med saka.

Melding nr. 10: Tilsynsrapport om tiltak for å førebyggje og behandle underernæring i heimetenesta ved Moster omsorgsområde

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i møte i utvalet 11.5.2011 for å gjera greie for:

- kva tiltak som er sett i verk for å lukke avviket i kapittel 5 i rapporten
- kva tiltak som er sett i verk i høve kommentarane i kapittel 6 i rapporten

Meldingane vert elles tekne til orientering.

08/11 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR.

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

09/11 VAL AV REVISOR

FORSLAG TIL INNSTILLING

Kommunestyret vel som revisor frå 01.07.2011 til 30.06.2015 med opsjon for Bømlo kommune til å forlengje avtalen med 2 år.

HANDSAMING I MØTET

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3 under handsaming av denne saka.

Odd Magne Agdestein frå Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum presenterte resultatet frå den gjennomførte evalueringa av dei innkomne tilboda. Evalueringa vart diskutert i kontrollutvalet og etter sams drøfting vart slik innstilling samrøystes vedteke.

INNSTILLING

Kommunestyret vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2011 til 30.06.2015 med opsjon for Bømlo kommune til å forlengje avtalen med 2 år.

YMSE

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Georg Lønning
Leiar

Roald Breistein
Sekretær